



Statens vegvesen

Lars Bjørn Lygre
Lurevegen 1498
5912 SEIM

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/106793-31

Dykkar referanse:
18/2262 - 19/9795

Vår dato:
18.06.2019

Førehandstilsegn – Fv. 404 – Gnr. 58 bnr. 7 – Lygre Indre – Lindås kommune

Vi viser til tilsendt sak frå Lindås kommune mottatt 14.05.2019.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 40](#) og [§43](#) gir vi løyve til flytting av avkøyrsla frå fv. 404 til eigedomen / den frådelte parsell av gnr. 58 bnr. 7 i Lindås kommune.

Vilkår for løyvet

Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982*.

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan datert 18.06.2019. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse*, som ligg ved.
2. Løyvet gjeld frådeling av tomt til ei bueining og landbruk
3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebana (sjå *Prinsippskisse*). Eventuelle planter og liknande i frisiktsona kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. Frisikt må opparbeidast retning høgre i avkøyrsla (mot kyrkja).
4. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkant, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5,5 meter (sjå *Prinsippskisse*). Ny sekundærveg skal ikkje koplast på før svingradiusen er ført 180°.
5. Stigningskravet skal haldast (sjå krav til utforming). Vi vil her gjere særleg merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første to meterane.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

6. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks- / fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsl, frisisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.
7. Vi legg til grunn at det allereie er etablert drenering under avkøyrsla. Alle rør skal haldast opne. Eksisterande drenering / rist skal ikkje ta skade under utbetring av avkøyrsla.
8. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsl* underskrivast og sendast i retur. Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir set i gang.
9. Kommunen skal ikkje gje løyve til frådelling før det er gjeve bruksløyve i avkøyrsla. Eksisterande avkøyrsl til gnr. 58 bnr. 7 skal då vere stengt permanent.
10. Arbeidet må være starta opp innan tre – 3 – år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrslen har sjølv ansvaret for at *Krav til utforming av avkøyrsl* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling>

<http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse>

Bakgrunnen for vedtaket

Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsl frå.

Søklar har kjøpt landbrukseigedom gnr. 58 bnr. 7 og har fått dispensasjon frå Lindås kommune å frådele tomt og tun. Eigedommen har i dag ei dårleg avkøyrsl, og det er difor søkt om løyve til å stenge eksisterande avkøyrsl og knytte seg på naboen si driftsavkøyrsl til gnr. 58 bnr. 3 som ligg litt lenger nord. Løyve skal gjelde for landbruksdrifta på bruket, og eit løyve for den frådeltte parsellen.

Før vi gjev bruksløyve til avkøyrsla må den opparbeidast i samsvar med våre krav. Det er særleg siktrydding retning høgre i avkøyrsla samt justeringa av svingradius og breidde i avkøyrsla som må rettast på før vi gjev bruksløyve i avkøyrsla. I tillegg skal eksisterande avkøyrsl stengast slik at den ikkje lenger kan nyttast av køyretøy. Vi rår til at avkøyrslpunktet som skal stengast vert gravd opp, eller stengt på ein annan permanent

måte. Det er ikkje tilstrekkeleg å setje ut stein eller liknande, fordi desse kan flyttast ved behov.

Ta kontakt dersom det er spørsmål kytt til innhaldet i dette brev.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet [«klage på forvaltningsvedtak»](#). Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest PB. 43 6861 Leikanger eller firmapost-vest@vegvesen.no, som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning, Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Vedlegg

Veglova [§ 40](#) og [§43](#)
Situasjonsplan dater 18.06.2019
Prinsippskisse
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Statens vegvesens saksnummer 19/106793

Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrslø

Eg/vi melder om at avkøyrslø frå fv. 404, hp 3, km 4,060, er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 18.06.2019.


.....
Sted/dato

underskrift søker/grunneigar

.....
Underskrift utførande entreprenør

Samtykke sendast til:

firmapost-vest@vegvesen.no eller Statens vegvesen Region vest, pb 43, 6861 Leikanger



Utvida bruk av avkøyrslle


Frådeling av tun

Stenge eksisterande avkøyrslle



Situasjonsplan
FV. 404 - Gnr. 58 bnr. 3 og 7 - Lindås
18.06.2019
Målestokk 1:1000
Statens vegvesen


PRINSIPPSKISSE



Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:

